

	SOLA	FLO	FI/ERE
5. SEPTEMBER	06:42/20:30	11:23/23:31	05:10/17:20
6. SEPTEMBER	06:44/20:27	11:58/*	05:44/17:54
7. SEPTEMBER	06:47/20:24	00:06/12:34	06:17/18:28
8. SEPTEMBER	06:49/20:21	00:43/13:12	06:51/19:04

GODT SAGT

Det beste med høsten er at insektene dør.

ANNE B. RAGDE

NAMNEDAG

5/9 Brede, Brian, Njål

6/9 Siril, Siv

7/9 Regine, Ros

8/9 Amalie, Alma, Allan

VÊR OG VIND

I dag kraftig regn, svak vind og om lag 15 grader. I morgon delvis skya, 13 grader og flau vind frå sør-aust. Torsdag 14 grader og regnbyger. Svak vind frå vest-sørvest.

STINA I STØÆ

Såg at dei hadde barnedåp på ein kai i Meland. Får håpa det var flo då dei skulle dyppa barnet frå kaikanten, då.



Gammal fotoskatt fram i lyset

Knut Moe (1896–1979) tok bilde frå kvardag og fest i Nordhordland. No kan du sjå bilda hans i Galleri Gamleskulen.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

Utstillinga som vert hengt opp i Gamleskulen på Eikanger er spennande både for fotointeresserte og for alle som er nysgjerrige på folk og bygdeliv for 100 år sidan.

At ein ufaglært ungdom har tatt desse bilda, er imponerende. Dei er truleg tatt i åra 1914–1920, og viser alt frå gravferd til bryllaup og låvedans. Det er også bilde frå arbeidet på eit sagbruk, frå Mjås metallvarefabrikk og frå gardsbruk i Eksingedalen.

Sjølvlært

Foreldra til Moe var småfolk. Faren var skulelærar, men vart tidleg arbeidsufør. I det meste av oppveksten budde huslyden i eit lite leigd hus på Eidsnes, skriv Vidar Lehmann, Hans Kristian Bukholm og Anette Thorsheim i ei pressemelding til avisa.

Det er dei som arrangerer utstillinga med god hjelp frå lokale støttespelarar.

Korleis Knut Moe fekk hand om eit fotografiapparat, veit dei ikkje. Men han må ha vore teknisk anlagt. Moe begynte å fotografera i eit tid der det var langt meir innvikla enn i dag. Du måtte ha kontroll på mange faktorar, og i tillegg var ein ofte nøydd til å framkalla fotoa sjølv.

Moe var nok i hovudsak sjølv-



FOTOSKATT: Knut Moe tok bilde av menneske både i kvardagslege situasjonar, i sorg og i festlege anledningar. Dette er eitt av mange bilde du kan sjå på utstillinga.

lært, og alt som ungdom tok han gode bilde. Den gamle fotoskatten vart oppdaga i samband med eit arveoppgjer. Då oppdaga ein mellom anna 93 glasplater med framkalla negativar på. Desse vart tekne vare på. I samband med eit bygdebokarbeid for Osterid og nærområdet kom fotoa for dagen att og vart omfatta med ny interesse.

Fotografane Hans kr. Bukholm og Helge Sunde kopierte i 2013 og 2014 negativa kostnadsfritt.

Ønskjer hjelp med namn

Nokre av bilda er dei siste åra publisert i bygdeboka HEIM og i ein artikkel i BT-magasinet. Avisreportasjen gjorde at ein fekk vita namnet på mange av

dei som var på bilda, og når no endå fleire bilde vert vist fram, håpar arrangørane at publikum kan hjelpa dei med å setja namn på endå fleire personar.

– Det er mange flotte bilde av personar me ikkje kjenner namnet på, også portrettbile, og me håpar på å få god hjelp frå folk her, seier Lehmann. Han fortel at det også vil vera muleg å skri-

va seg på liste og få kjøpa kopi av ein del av bilda.

Utstillinga har fått tittelen «Eit hundreårsminne, kvardag og høgtid i Nordhordland», og vert opna fredag klokka 17. Det blir også muleg å sjå utstillinga i gamleskulen laurdag 9. og tysdag 12. september.

Enkle og gode middagstips på www.bunnpris.no

BUNNPRIS

POTETER Pr kg løsevekt 9⁹⁰ pr.kg	RISTORANTE PIZZA PROSCIUTTO 2PK DR.OETKER 75.61 /KG 49⁹⁰ pr.stk	GILDE KARBONADEDEIG 400 gr 2 for 79,-	UTVALGTE SAUSER FRA TORO 10⁰⁰ pr.stk
---	--	---	---

www.bunnpris.no
Tilbudene gjelder t.o.m 16.09. Gjelder kun private husholdninger. Forbehold om prisendringer, trykkfeil og utsolgte varer.